

Arkivref: 2023/5860 - 35393/2023

Saksh.: Jostein Klette

Saksnr
25/23

Utval
Formannskapet

Møtedato
04.10.2023

Nullutslepp2030 - Handlingsplan for klima Framlegg til vedtak/innstilling:

Stord kommune vedtar handlingsplan for klima2030.

Røysting:

Framlegget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Stord kommune vedtar handlingsplan for klima2030.

Rådmannen, 20.09.2023

Dokumentliste
S 11.08.2023

Nullutslepp2030 - Handlingsplan for klima

Innleiing (bakgrunn for saka)

Stord kommune har fatta vedtak om å verta ein nullutsleppskommune i 2030 for det som omhandler klimagassutslepp. Det er i samband med klimabudsjettet til kommunen i 2022 vist til at fokus for reduksjon i klimagassutslepp primært skal vera i eigen organisasjon, men at det i det langsigktige arbeidet skal vera innanfor dei geografiske grensene til kommunen.

På bakgrunn av dette vert det utarbeida ein handlingsplan med målsetting om å få oversikt over og å prioritera tiltak for kunne bli ein nullutsleppskommune.

Kommande planstrategi bør ta stilling til når denne planen skal reviderast.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Prinsippa i handlingsplan for klima 2030 er at kommunen:

1. skal ha verktøy for å gjennomføre tiltaket
2. tiltaket bør ha ein direkte effekt i å redusera klimagassutslepp
3. Alle tiltak skal leggast inn i klimabudsjettet der kostnad og ansvar for gjennomføring vert fastsett.

Tiltaka i planen gjeld følgande område:

- **Kunnskap og analysar** - Innhenting av kunnskap og analysar om effekten av tiltak, moglege teknologiar og alternative løysingar, der målet er å ha eit best mogleg grunnlag for vedtak
- **Fossilt brensel** - Fase ut all bruk av fossilt brensel
- **Klimakrav i innkjøp** - Etablere rutinar for å sette krav til reduksjon av klimagassutslepp i kommunen sine innkjøp
- **Bygg og anlegg** – Nyte klimavennlege løysingar i kommunen sine byggeprosjekt og drift av bygg og anlegg.
- **Arealbruk** – Føre klimarekneskap over endra arealbruk og vurdera alternativ eller vurdere avbøtande tiltak
- **Interkommunale selskap** – Krav til klimarekneskap og reduksjon i klimagassutslepp.

Finansiering

Tiltaka i denne planen skal finansierast gjennom kommunen sine budsjett. Koplinga til kommunen sitt budsjett vil vera gjennom klimabudsjettet.

Kostnad

Det er i denne planen ikkje sett opp ein samla kostnad over tiltaka nemnd i planen. Dette er fordi det i mange høve må avklarast kva løysingar ein skal nytta, og kostnad vil måtte avklarast i kvart enkelt tilhøve. Kostnad ved det enkelte tiltak må inn i kommunen sitt budsjett og klimabudsjett.

Rapportering

For å sikre gjennomføring må det leggast opp til ei årleg rapportering. I dag vert klimatiltak vedteke i klimabudsjettet som er kopla opp mot årsbudsjettet og økonomiplanen. Stord kommune har 8 einingar som er miljøfyrtaarnsertifiserte, der det ligg inne eit eige rapporteringsverktøy. I høve til handlingsplan for klima kan det vera hensiktsmessig å sjå på om ein kan nytte dette rapporteringsverktøyet til rapportering. Ein vil starte med å nytte årsmeldinga til rapportering av handlingsplan for klima.

Måloppnåing

Kommunen sitt vedtak set eit mål om å ha null klimagassutslepp i organisasjonen innan 2030. For å nå dette må ein ha målbare tal på alle klimagassutslepp. I tillegg må òg klimagass i produksjonskjeden og leveranse vera lik null.

Kommunen har i dag ikkje fullstendig oversikt over klimagassutslepp til alle ledd i organisasjonen. Utsleppa vert rekna som livsløpsutslepp, der både produksjon og avfallsfase er rekna inn. Det er difor uklart kor mykje ein må redusera klimagassutsleppa sine. Kommunen har heller ikkje direkte verkemiddel til å påverka klimagassutslepp som skjer ut over eigen organisasjonen.

På bakgrunn av dette kan ikkje kommunen som organisasjon truleg ikkje nå eit netto null i klimagassutslepp i 2030. Kor mange prosent kommunen teoretisk kan redusera klimagassutsleppa sine kan heller ikkje konkret fastsetjast no. For å seia noko sikkert om dette må kommunen ha data for alle klimagassutsleppa sine, mellom anna for alle innkjøp av tenester og varer. Det eksisterer i dag ikkje ei total oversikt over dette.

Prosess

Handlingsplanen har vore på intern høyring i kommunen som organisasjon. Dei ulike innspela er vist under:

- Det har kome innspel om at planen ikkje omhandlar handlingsretta arbeid mot innbyggjarar eller andre aktørar i kommunen. Dette er knytt til at reduksjon av klimagassutslepp er eit felles ansvar der og innbyggjarar og andre aktørar gjennom informasjonsarbeid kan ta del i å nå kommunen sitt nullutsleppsmål.

Bakrunnen for at det ikkje er tatt inn punkt knytt til handlingsretta arbeid er at dette ikkje direkte fører til reduksjon i klimagassutslepp. Det er i handlingsplanen prioritert å nytte ressursar til å kutte i direkte klimagassutslepp framfor å bruke ressursar på handlingsretta arbeid. Det bør i ein revisjon av handlingsplanen vurderast handlingsretta arbeid mot hushaldningar, organisasjonar og oppvekstsektoren.

- Det bør utarbeidast ein skogbruksplan for forvaltning av skog i kommunen og ein naturmangfaldsplan for å sjå klima og natur i samanheng med kvarandre.

Det er tatt inn eit punkt som er knytt til utarbeiding av skogbruksplan fordi skog er viktig for å binde klimagassen CO₂. Det er ikkje tatt inn eit punkt om naturmangfaldsplan. Sjølv om det er eit viktig kommunalt ansvar å forvalte naturmangfald har det ikkje direkte innverknad på reduksjon av klimagassar.

- Det er peika på at det bør takast inn eit punkt om bildeling av kommunale bilar, slik at bilar som ikkje vert nytta ut over arbeidstida kan verta tilgjengelege for innbyggjarar og andre gjennom ei bildeleordning.

Dette er ei ordning som er utprøvd av mange kommunar, der kommunen gjennom samarbeid med firma gjer nokre av sine bilar tilgjengelege for innbyggjarane. Dette aukar brukstid og nyttar ressursane betre, i tillegg til at det gjev ei økonomisk vinning. Dette er eit viktig punkt, men sidan denne handlingsplanen er knytt til reduksjon av klimagassar vert dette ikkje tatt inn som eit punkt.

- Det har kome innspel om at planen må ha eit punkt om å auke andelen som går eller syklar i kvardagen i staden for å nytte personbil.

Dette er eit viktig punkt både av klima- og folkehelseomsyn. Dette knyter seg til tilrettelegging av infrastruktur, og har ein lengre tidshorisont. Samfunnsplanen og arealstrategien i samfunnsplanen har eigne punkt om at det skal tilretteleggjast for å kunne gå og sykle til daglege gjeremål, og at det skal setjast av areal til etablering av stamveg for sykkel og mikromobilitet. Fylkeskommunen har også ei stor grad av ansvar for gang og sykkelvegnettet. Effekten av gang og sykkelveg på redusert bilbruk uklar. Dersom dette skal ha effekt bør det i tillegg gjennomførast tiltak som hevar terskelen for bilbruk, gjennom auka økonomisk belastning og knappheit på parkeringsplassar. Dette er difor ikkje tatt inn som eit eige punkt.

- Det har kome innspel om å ha mobilitetstenester som er tilgjengelege og at det skal vera gode overgangar mellom ulike typar.

Dette er eit punkt som er knytt til administrering av kollektivtransport. Dette er eit pågåande arbeid der kommunen jobbar opp mot fylkeskommunen. Dette er eit punkt som er langsiktig og som i mindre grad er knytt til reduksjon av direkte klimagassutslepp. Det vert difor ikkje tatt inn i denne planen.

Handlingsplanen har ikkje vore på høyring eksternt ut over kommunen som organisasjon. Dette er grunngjeve med at planen først og fremst rettar seg mot kommunen som organisasjon.

Vurdering

Økonomiske og administrative konsekvensar

- *I høve til budsjett og økonomiplan*

Så godt som alle tiltaka vil ha ein kostnad. Samla kostnad er ikkje avklart, men må vurderast når val av alternativ og løysing ligg føre. Finansiering må avklarast i budsjett og økonomiplan.

- *I høve til drift og personell*

I samband med utarbeidning av kunnskapsgrunnlag og tiltak kan det vera trond for ekstra ressursar. Behovet må avklarast i kvart enkelt tilhøve.

Konsekvensar for berekraftsmåla

- *Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [folkehelsemål](#)*

På kort sikt vil ikkje denne handlingsplanen ha verknad for folkehelsemåla. På lang sikt er klimaendringar ei utfordring for folkehelse og sosiale skilnader. Dette fordi eit endra klima kan føre til både meir nedbør, hetebølger og nye og andre typar sjukdomar enn dei ein ser i dag. Den negative påverknaden vil vera ujamt fordelt, og den gruppa som allereie har utfordringar i høve til folkehelsa vil vera sterkare råka enn dei gruppene som har god folkehelse. Spesielt utsett er grupper som allereie har utfordringar knytt til kroniske sjukdomar.

- Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [klima-/miljømål](#)

Handlingsplanen er ein plan som vil bidra til at kommunen tek viktige steg mot nullutslepp i 2030.

Konsekvensar for beredskap

Handlingsplanen vil på kort sikt ikkje ha noko konkret verknad for beredskap.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at Handlingsplan for klima 2030 vert vedtatt slik den ligg føre.

Plan for gjennomføring

Handlingsplan for klima 2030 skal fylgjast opp årleg i samband med klimabudsjettet som er kopla på årsbudsjett og økonomiplanen. Eventuell rullering av handlingsplanen skal avgjerast i planstrategien.